

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/17	Kommunestyret	PS	14.09.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE - 210, TI - &58	15/101

AS Austrheim Næringssselskap - Oppfølging av selskapskontrollen

Vedlegg

Selskapskontroll - Næringssselskapet
Sak vedrørende oppfølging av selskapskontrollen
Selskapskontroll - Kommunestyresak
Kontrollutvalet - Selskapskontroll

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre tek rapport frå styret i AS Austrheim Næringssselskap til vitande.

Kommunestyret - 059/17 - 14.09.2017

KS - behandling:

Framlegg frå Jorund Stellberg Uavh: Saka vert utsett.
Forslaget vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Saka vert utsett

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vedlagt er selskapskontroll for AS Austrheim Næringssselskap utarbeida av Ernst & Young.

Vidare er vedlagt særutskrift frå kontrollutval frå møte den 16.03.15 vedrørende sak 13/15 om selskapskontrollen.

Austrheim kommunestyre har i møte den 24.06.15, K-sak 67/15 gjort fylgjande vedtak:
Selskapskontrollen viser at AS Austrheim Næringssselskap ikkje har vore tilfredsstillande drive dei siste åra på fleire vesentlege område.

Med bakgrunn i dei funn og merknader som er kome fram i rapporten frå EY, ber AK om å få lagt fram ei sak for kommunestyret der dei lagar ei prioritert tiltaksliste.

Tiltaka må tuftast på dei råd og anbefalingar som ligg i rapporten og vil danne grunnlag for om og/eller korleis AN skal drivast og leiast framover.

Styreleiar for AS Austrheim Næringssselskap har i skriv av 22.05.17 oversendt styret si handsaming av selskapskontrollen med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak.

Styret har fylgjande kommentar:

(1)

E&Y: «Vi har derfor lagt til grunn – og dette styrkes av kontrollutvalets bestilling – at det bør eksistere eit krav til skriftleg dokumentasjon ut over det som ville være vanleg for eit lite aksjeselskap».

Styret meiner at standarden på møteinnkallingane og møtereferata kan betrast slik at det vert lettare for dei som ikkje har delteke på styremøta å setja seg inn i sakene som har vore handsama. Opplistinga på side 7 til 11 i rapporten av dokumentasjon som E&Y har fått tilgang til, viser at det føreligg svært mykje dokumentasjon på selskapet sine aktivitetar. Dersom ein les møtereferata, protokollane frå generalforsamlingane og kommunestyresakene knytt til AN, får ein ei grei oversikt over aktivitetane i selskapet. Selskapet har desse samla i permar for kvart år. Permane inneheld også alle avtalane selskapet har inngått opp gjennom åra.

Konklusjon: Dette er ivaretatt.

(2)

E&Y: «Det er svak dokumentasjon på kommunen si målsetjing med, strategi for og oppfølging og kontroll av AN.»

Styret meiner dette er kritikk av eigaren og ikkje selskapet og styret. Her må kommunestyret gå i seg sjølv og finna ut kva ein vil med selskapet. Styret har inntrykk av at slik har det vore sidan selskapet vart starta og at styret og dagleg leiar har styrt selskapet med utgangspunkt i selskapet sine vedtekter og vedtak fatta i kommunestyret.

Konklusjon: Kommunestyret må setja seg inn i vedtektene til AN og vurderer om ein skal be generalforsamlinga oppdatere desse dersom det vert bestemt at selskapet skal vidareførast.

(3)

E&Y: «På grunn av liten grad av skriftleg dokumentasjon, er det vanskeleg å vurderer om kommunen vert tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet, og om selskapet driv i samsvar med politiske vedtak, kommunens eigarskapsmelding og etablerte normer for god eigarstyring og

selskapsleiing.»

Styret meiner at det føreligg nok dokumentasjon til at ein kan følgja alle aktivitetane i selskapet dersom ein kombinerer styreprotokollar og kommunestyreprotokollar.

Selskapet har i stor grad handla på oppdrag frå kommunestyret og fått garantiar for oppdraga frå dette organet. Dette gjeld særleg kjøp av leilegheiter, kjøp av tomtar og bygging av to hus. Ein må spørja seg om kor mykje informasjon ut over dette det er naturleg at eigarane i selskapet får. Det kan gjerne lagast ei årleg eigarskapsmelding frå selskapet, men då må det koma eit krav om dette frå generalforsamlinga. Elles er det vanleg at styret i eit aksjeselskap ligg fram rekneskap og ei årsmelding med relativt lite informasjon til generalforsamlinga, og desse retningslinjene har også AN følgt.

Konklusjon: Dette er ivaretatt etter dei retningsliner selskapet har fått å drive etter.

(4)

E&Y: «Alternativet er å leggja til grunn at eksistensen av dei parallelle organisasjonane i seg sjølv inneber at kommunen vert tilstrekkeleg informert. Dette inneber i så fall at det ikkje er nokon tydeleg rolle- og ansvarsdeling mellom eiagar, styret og selskapet si daglege leiing.»

Styret ønskjer eit skarpt og tydeleg skilje mellom eigar, styre og dagleg leiing. Ordføraren er ikkje styreleiar lengre så dette endrar situasjonen.

Elles er det viktig å understreka at eigaren, det vil seia kommunestyret, har fått mykje informasjon om statusen i selskapet når dei har behandla saker knytt til næringssselskapet, eit eksempel på dette er sakene som vart behandla i kommunestyret 30.4.2014.

Konklusjon: Styreleiar er no ikkje ordføraren så denne er etter kvart delvis ivaretatt.

(5)

E&Y: «Det er svak dokumentasjon av avtalar mellom Austrheim kommune og AN – både med omsyn til oppgåver, omfang og vilkår.»

Styret meiner dette er rett.

Austrheim kommune har ved fleire høve påteke seg oppgåver for AN utan at dette har vore formalisert i skriftlege avtalar. Kommunen har heller ikkje fått kompensasjon for desse oppgåvene. I all hovudsak er det næringssselskapet som har spart pengar på dette. Det vil truleg innebera ekstra kostnader for selskapet å inngå skriftlege avtalar med kommunen, men dette vil nok vera det mest ryddige for alle partar.

Konklusjon: I framtida vil det bli ei sterkare formalisering på dette området.

(6)

E&Y: «Selskapet har svak dokumentasjon på interne kontrollrutinar og manglar eigne rutinar for handtering av innkjøp.»

Styret meiner selskapet er lite og oversiktleg med låg omsetning og difor ikkje treng kompliserte, interne kontrollrutinar. Det styret har innført er at rekneskapa skal opp på fire styremøter i løpet av året og kontrollerast opp mot vedteke budsjett. Når det gjeld innkjøp så er selskapet underlagt retningslinjene for offentlege innkjøp og selskapet treng difor ikkje egne rutinar for dette.

Konklusjon: I høve til selskapet si storleik er dette ivaretatt.

(7)

E&Y: «Selskapet har ingen klart definert strategi – med klare forventningar og mål.»

Styret meiner generalforsamlinga har gitt oss vedtekter som me styrer etter. Selskapet er så lite at det verkar litt overdrive å utarbeida eit eige strategidokument for drifta. Selskapet har ofte handla på oppdrag frå eigaren, kommunestyret, og det er viktig at dette organet har ein klar strategi for sine vedtak. Dette meiner styret at kommunestyret faktisk hadde når AN vart bedt om å kjøpa leilegheiter i Kystlandsbyen, utvikla ungdomsbustader i Kystlandsbyen og etablere bustader for flyktningar i same området. Styret tek elles med glede i mot eigaren sine forventningar og mål for AN og vil med bakgrunn i desse utarbeida ein eigen strategi for å nå måla.

Konklusjon: Styret meiner at det vert styrt etter gjeldande vedtekter for selskapet. Elles har styret til ei kvar tid jobba i tråd med oppdrag som kommunestyret har gitt til selskapet.

(8)

E&Y: «Det synest å vera mangelfull forståing i styret og administrasjon for at eit aksjeselskap er ei eigen juridisk eining som følgjer sitt eige «regelunivers» - uavhengig av eigarskap og kommunalt lovverk.»

Styret meiner dette er langt frå sanninga. Dette er ein tvilsam konklusjon frå rapportskrivaren, Hadde rapportskrivaren vore i kontakt med alle styremedlemmene slik styreleiaren gav han tilbod om, ville han kome til ein heilt annan konklusjon. Mange av styremedlemmene har enten egne aksjeselskap, eller sit i styret i andre aksjeselskap enn AN. Styret har soleis samla sett mange års røynsle i drift og styring av aksjeselskap. Styret har det tindrande klart for seg at det er aksjelova som gjeld for styringa av AS Austrheim Næringsselskap!

Konklusjonen: Dette er ein tvilsam påstand som det er vanskeleg å sjå argumentasjonen for.

(9)

E&Y: «Over halvparten av styreprotokollane i perioden er ikkje underteikna.»

Styret meiner at dette er heilt rett og rutinane for dette er no endra.

Konklusjon: Alle styreprotokollane vert underteikna av alle styrerepresentantane.

(10)

E&Y: «Styreprotokollane og styret sine vurderingar er tidvis svakt dokumentert i vesentlege saker –

det er eit betydeleg grunnlag for misforståingar og mistenkeleggjingar.»

Styret meiner dette er heilt rett. Styret har skjerpa inn rutinane slik at det skal gå langt klarare fram av protokollane kva vurderingar styret legg til grunn for sine standpunkt. Styret vil likevel leggja til at i dei vesentlege sakene for selskapet, er det saker som har vore behandla i kommunestyret som har lagt til grunn for AN sine vedtak. Særutskrifter av k-saker som er knytt til næringselskapet, vert lagt fram for styret som meldingssaker. Dersom ein ser både på kommunestyresakene og sakene i styret i AN, får ein fram heilskapen i sakene. Dette ser ein godt dokumentert i k-sak 025/9 der AK gir garanti for kjøp av 5 leilegheiter og 6 tomtar i Kystlandsbyen. Her har kommunestyret vurdert kvifor det vil vera viktig for AK å få på plass nye bustader og styret i AN har på si side lagt desse vurderingane til grunn dei vedtaka styret har fatta.

Konklusjon: Styret har skjerpet inn rutinane slik at det går klart fram av protokollane kva styret legg til grunn for sine standpunkt.

(11)

E&Y: «AN har negativ eigenkapital og styret har ikkje følgd aksjelovens reglar for å utøva handleplikta – ei heller er generalforsamlinga formelt vorte involvert i saka.»

Styret meiner at dette er langt frå sanninga.

Då Statoil ikkje ville gjera bruk av opsjonsavtalen dei hadde med AN om vidare leige av fire leilegheiter, tok styret aksjon med det same. Ein prøvde først å leiga ut husværa til andre, men dette var det ikkje marknad for.

Deretter selde AN leilegheitene på den opne marknaden for å redusera selskapet si lånegjeld og utgiftene til denne. Deretter vart det laga sak til kommunestyret der ein fekk overført prosjektleiaren for Austrheim heile livet frå AN til AK. Det vart også fremja sak til kommunestyret der ein fekk garantiar frå AK for AN sine utgifter knytt til avdrag og renter på selskapet sitt restlån.

Styret hadde dermed alt før den endelege rekneskapen for 2013 låg føre, sikra selskapet økonomisk. Styret drøfta også kva verdiar selskapet hadde, og konkluderte med at AN hadde verdiar som langt oversteig den negative eigenkapitalen. Dette vart også lagt fram for generalforsamlinga i juni i 2014, utan at representantane i generalforsamlinga hadde merknader til dette. Det same er gjort i møtet i generalforsamlinga i 2015, nok ein gong utan at nokon hadde merknader til at selskapet vart drive vidare med negativ eigenkapital.

Konklusjon: Styret har utøvd si handleplikt i høve til aksjeloven i samarbeid med revisor i selskapet slik at det var full kontroll på økonomien i selskapet.

(12)

E&Y: «Føresetnader for å halda fram med drifta synest å vera ivaretatt i saka om den negative eigenkapitalen i høve framleggjinga av rekneskapen per 31. desember 2013.»

Styret meiner det er utruleg at denne påstanden kan koma like etter at påstanden om at styret har brote aksjelova i forhold til same sak. Dersom ein aksepterer at føresetnaden for å halda fram med drifta er til stades, kan ein ikkje hevda at styret ikkje har handla i tråd med aksjelova. Det er nettopp på grunn av styret sine handlingar at det framleis eksisterer føresetnader for vidare drift av selskapet, og det burde den som har laga rapporten for E&Y fått fram.

Konklusjon: Utruleg at denne påstanden kjem fram etter påstand under pkt. 11.

(13)

E&Y: «Ein vesentleg avtale inngått mellom dagleg leiar i AN og Breidvik Eiendom AS er ikkje styrebehandla slik det etter aksjelova skulle vore gjort.»

Styret meiner at dette er langt frå sanninga.

I sak 04/10 løyvde styret kr 110 000,- + mva til opparbeiding av kvar av dei seks tomtane for etablerer-bustadane. Til saman altså kr 660 000,- + mva på kr 165 000,- til opparbeiding av tomtane. Styremøtet vart halde 20.04.2010 klokka 15:00 i møterommet til Mongstad Næringshage. Følgjande styremedlemmer var tilstade: Ole Lysø, Harald Sognnes, Ole Moen, Ragnhild T.Langøy og Jan Olav Osen. Om lag fire månader seinare, 24.08.2010, skreiv Odd Arne Blindheim og Jan Olav Osen under på avtalen mellom Breidvik Eiendom AS og AS Austrheim Næringssselskap om gjennomføringa av vedtaket. Det må og seiast at alle seks tomtane er levert ferdig opparbeida til AN heilt i tråd med avtalen.

Det vert elles vist til kommunestyrevedtak den 21.10.15, K-sak 83/15 der det står fylgjande: «Austrheim kommunestyre finn av saksutgreiinga og av dokumentasjonen frå statsautorisert revisor Helge Frostad, at Kystlandsbyen AS(tidlegare Breidvik Eiendomsselskap AS), har opparbeida 6 tomtar for AS Austrheim Næringssselskap og marknadsført desse heilt i tråd med avtalen mellom dei to selskapa datert 24.08.2010. Austrheim kommunestyre meiner at det skal setjast sluttstrek for denne saka no, sidan det er dokumentert at Kystlandsbyen AS har levert det arbeidet til næringssselskapet som avtalen omhandlar.»

Konklusjon: Det er ikkje rett at avtalen(eller grunnlaget for avtalen) ikkje var handsama i styret i selskapet.

(14)

E&Y: «Eigedomsprosjektet i Breidvik/Solrenningen har ikkje vore eit lønsamt prosjekt i bedriftsøkonomisk forstand.»

Styret meiner dette er heilt rett, men her må ein også få fram nokre tilleggsopplysningar.

For det første var det eit sterkt ønskje frå eit samla kommunestyret å få til bustadbygging i området der ein ønskjer å skapa «nye Austrheim sentrum». Difor gav kommunestyret samrøystes garantiar for at AN skulle kunna kjøpa leilegheitene i Solrenningen.

For det andre kom det sterke signal frå Statoil om at dei var på veg inn i ein prosjektperiode som kunne vare heilt fram til 2015, og at dei ville ha trong for ein del leilegheiter. Statoil gav også uttrykk for at dei gjerne ville bidra til ei sentrumsutvikling i Austrheim gjennom å leiga eit stort tal leilegheiter i «sentrum». Det var på denne bakgrunnen at både kommunestyret og AN vedtok å kjøpa fem leilegheiter i Solrenningen. Finnanskrisa og skrinlegginga av prosjektet for fullskala CO2-reinsing på Mongstad, førte til at Statoil i 2013 ikkje gjorde bruk av opsjonen dei hadde om å leiga leilegheitene til 2018. Dette i kombinasjon med at det førebels ikkje er ein marknad for sokalla «studio-leilegheiter» i kommunen, gav AN eit betydeleg tap ved sal av leilegheitene. Men her må det seiast at heile kommunestyret vurderte prosjektet før avtalen om kjøp vart inngått, og at eit samrøystes kommunestyret gav si støtte til at AN i si tid skulle kjøpa leilegheitene.

Konklusjon: Dette er riktig, men prosjektet bygget på vedtak i kommunestyret.

(15)

E&Y: «Salsprosessen knytt til sal av fire leilegheiter verkar rimeleg behandla.»

Styret meiner prosessen knytt til sal av leilegheitene var god. AN hadde rett nok berre munnlege avtalar med AK om gjennomføringane av sala, men AK handterte dette ryddig og i tråd med gjeldande regelverk.

Konklusjon: Prosessen rundt sal av leiligheter var god.

(16)

E&Y: «Det er gitt lån til næringsdrivande utan sikkerheit – utan at det i vedtektene er definert at AN skal kunna gje lån.»

Styret meiner dette er ivaretatt i samsvar med § 3 i vedtektene der det står følgjande:
«Selskapet skal vidare yte hjelp i samband med utvikling/omlegging av eksisterande bedrifter, ved utvikling/oppstart av nye verksemdar og ved næringsretta utgreiingsarbeid og anna tiltaksretta verksemd.»

Her står det at AN skal yta hjelp ved utvikling, omlegging eller oppstart av verksemdar. I tråd med dette vedtok AN på styremøtet 8.1.2009 å gje kr 80 000,- i lån til Ernst Sognnes til etablering av eit aksjeselskap. Det står ingen stader i vedtektene at AN ikkje kan yta lån i slike høve, det er noko rapportskrivaren frå E&Y kjem trekkjande med. Kva støtte er det ein etablerer først og fremst har trong for? Det viktigaste for ein etablerer er sjølv sagt å få finansieringa på plass og det var nettopp dette AN bidrog til i denne saka, etter våre vurderingar heilt i tråd med selskapet sine vedtekter. Lånet vart gitt i januar i 2009 og betalt tilbake i sin heilheit pluss renter med kr 84 500,- 9.6.2010. Det vart utarbeida eit gjeldsbrev knytt til lånet og dette vart sendt i retur til låntakar etter at lånet var innløyst.

Konklusjon: Lånet vert gitt etter dei vedtekter som gjeld for selskapet og det vart utarbeida gjeldsbrev for lånet som vart tilbakebetalt heilt i samsvar med avtale.

E&Y sine råd til AK og AN.

Kommunen bør snarast råd vurderer om ein treng AN i framtida. Dersom svaret er nei, bør ein setja i gang med avviklingsarbeidet med det same, viss svaret er ja, bør kommunen utarbeida ein eigarskapsstrategi for selskapet. I denne strategien bør det gå klart fram kva AK vil med selskapet og kva oppgåver selskapet kan utføra for kommunen i framtida.

Eigarskapsmeldinga for kommunen viser at kommunen har ei mengd eigedommar som bør seljast og dette arbeidet kan framtidas næringselskap ta seg av.

Når det gjeld rolleavklaringa mellom AK og AN, så er styreleiaren i dag bytta ut. Eigaren og generalforsamlinga bør vurderer om det er rett at rådmannen skal vera dagleg leiar i selskapet og om det er rett at det er generalforsamlinga som tilset dagleg leiar. I dei fleste aksjeselskap er dette ei oppgåve styret står ansvarleg for.

Elles vert det vist til dei einskilde merknadene til rapporten som eigentleg ikkje gjev grunnlag for

vidare tiltak med utgangspunkt i selskapet si storleik og dei vedtekter som gjeld i dag.

Påstand i vedtak i K-vedtak:

Selskapskontrollen viser at AS Austrheim Næringssselskap ikkje har vore tilfredsstillande drive dei siste åra på fleire vesentlege område.

Konklusjon: Styret meiner selskapskontrollen ikkje gjev grunnlag for denne påstanden. Dei mest reelle merknadane til styret sitt arbeid er merknadane knytt til selskapet sine rapportar. Her er rutinar for signering endra og styret er meir bevist på at innhaldet i rapportane også skal vera sjølvforklarande for lesarar som ikkje har delteke på styremøta.

Vurdering

Viser til gjennomgang frå styret og finn det rimeleg at kommunestyret tek gjennomgangen til vitande.

Konklusjon

Rådmannen rår til fylgjande:

Austrheim kommunestyre tek rapport frå styret i AS Austrheim Næringssselskap til vitande.